



Arkivnr: 2014/364-2  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		21.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

### Framlegg til overordna samfunnsoppdrag for kunnskaps- og kompetansesentra på helse-, omsorgs- og velferdsområdet - Høyringsfråsegn

### Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har gitt Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet i oppdrag å gå igjennom kunnskaps- og kompetansesentre med anna forankring enn i dei regionale helseføretaka. Målet er å gje tilrådingar som styrkjar arbeidet med regionale og nasjonale kunnskaps- og kompetansesentra utanfor spesialisthelsetenesta og å styrkje samordninga, særleg på barne- og ungdomsområdet.

Det er gjort framlegg om eit samfunnsoppdrag for alle kompetansesentra som er basert på følgjande oppgåver:

- Kunnskapsutvikling og kunnskapsoppbygging (både overfor helse-, omsorgs- og velferdstjenestene og offentlig forvaltning)
- Brobygger mellom forskning og praksis
- Støtte kvalitetsutvikling og innovasjon i tjenestene
- Identifisere kunnskapsbehov og forskningsbehov

Fylkesrådmannen rår i hovudsak til å støtte framlegget til samfunnsoppdrag, men meiner det er behov for å gå igjennom strukturen for kompetansesentra.

## Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet meiner det er positivt med ei standardisering og klårgjering av samfunnsoppdrag og rolle til kompetansesentra. Det er behov for å byggje bru mellom forskning og praksis, og behov for miljø som kan formidle kunnskap mellom forskning og praksis, og som kan leggje til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging.
2.	Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av kompetansesentra innan områda til Helsedepartementet og Barne-, inkluderings- og likestillingdepartementet. Strukturen av kompetansesentra står fram som dels fragmentert og dels er funksjonane overlappende, og er og dels overlappende med fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag. Dette vanskeleggjer samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det bør vurderast å slå saman kompetansesentra, og å knyte dei nærare til sentrale helsestyresmakter som Statens Institutt for folkehelse.
3.	Fylkesutvalet meiner det kan vere naturleg å regionalisere fleire kompetansesentra slik at det kan vere større nærleik til brukarmiljø. Dette bør utgreiast vidare.
4.	Fylkesutvalet stiller spørsmål ved at kompetansesentra sjølve skal bidra til forskning og grunnutdanning, og meiner at oppgåvene bør bli reindyrka til kunnskapsformidling, nettverksbygging og tverrsektorielt samarbeid.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Høringsnotat: Forslag til samfunnsoppdrag for kunnskaps- og kompetansesentre på helse-, omsorgs- og velferdsområdet

## Fylkesrådmannen, 06.01.2014

### Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har gitt Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet i oppdrag å gå igjennom kunnskaps- og kompetansesentre med anna forankring enn i dei regionale helseføretaka. Målet er å gje tilrådingar som styrkjar arbeidet med regionale og nasjonale kunnskaps- og kompetansesentra utanfor spesialisthelsetenesta og å styrkje samordninga, særleg på barne- og ungdomsområdet.

Formulering av eit felles overordna samfunnsoppdrag for sentra står sentralt i gjennomgangen, og denne er sendt på høyring. Rapporten følgjer vedlagt.

### Om rapporten og høyringa

Kapittel 1 i delrapporten omhandlar formål og bakgrunn for arbeidet, og det peikast på behov for eit felles samfunnsoppdrag. Kapittel 2 gir eit oversyn over sentrale utfordringar. Kapittel 3 handlar om andre aktørar på kunnskaps- og kompetansefeltet med særleg vekt på forskings- og utdanningsfeltet, og rolla til forvaltninga. Ei skildring av styringssystemet for dei nasjonale kompetansetenestene som er lagt til dei regionale helseføretaka er gitt i kapittel 4. I Kapittel inneheld framlegg til samfunnsoppdrag for kunnskaps- og kompetansesentra.

I høyringsbrevet er det særleg bedt om kommentarar frå høyringsinstansane på følgjande punkt:

1. *«Samfunnsoppdraget legger opp til at sentrenes primære oppgave skal være å støtte kvalitetsutvikling av praksisfeltet gjennom metodeutvikling og kompetansebygging samt legge til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging. Hva er høyringsinstansenes kommentarer til dette?»*
2. *«Det foreslåtte samfunnsoppdraget skisserer kunnskaps- og kompetansesentrenes rolle i forhold til andre aktører som universiteter og høyskoler, instituttsektoren og forvaltningen. Bidrar det foreslåtte samfunnsoppdraget til å avklare sentrenes rolle og ansvar opp mot andre kunnskaps- og kompetanseaktører?»*
3. *«Samfunnsoppdraget beskriver målgruppene for kunnskaps- og kompetansesentrene. Hva er høyringsinstansenes kommentarer til denne beskrivelsen?»*
4. *«Samfunnsoppdraget legger opp til at grunnforskning ikke skal være en del av kunnskaps- og kompetansesentrenes virksomhet finansiert gjennom tilskuddsmidler. Sentrene bør imidlertid kunne drive anvendt forskning. Hva er høyringsinstansenes kommentarer til dette?»*
5. *«Kunnskaps- og kompetansesentrene skal ikke drive og drifte grunnutdanninger. Sentrene kan bidra til opplæring og undervisning. Hva er høyringsinstansenes kommentarer til dette?»*
6. *«Samfunnsoppdraget legger opp til at kunnskaps- og kompetansesentrenes virksomhet skal bygge på dokumenterte metoder og kunnskap. Hva er høyringsinstansenes kommentar til dette?»*
7. *«Er det fagområder der det foreligger et udekket kunnskapsbehov og der kunnskaps- og kompetansesentre vil kunne møte dette behovet?»*
8. *«Andre kommentarer?»*

Det er i rapporten føreslått at Kunnskaps- og kompetansesentra sine samfunnsoppdrag og rolle skal vere:

- *«Kunnskapsutvikling og kunnskapsoppbygging (både overfor helse-, omsorgs- og velferdstjenestene og offentlig forvaltning)*
  - *Brobygger mellom forskning og praksis*
    - *Bidra til å implementere kunnskapsbaserte tiltak og beslutninger både i tjeneste og offentlig forvaltning*
    - *Bidra til at kunnskaps- og forskningsbehov som fremkommer i praksisfeltet blir videreført*
    - *Bistå praksisfeltet med evaluering og kvalitetssikring*

- *Støtte kvalitetsutvikling og innovasjon i tjenestene*
  - *Kompetansebygging*
  - *Praksis- og tjenesteutvikling*
  - *Samordning og nettverksbygging*
- *Identifisere kunnskapsbehov og forskningsbehov*

*Dette kan gjøres gjennom bruk av følgende virkemidler:*

*Utvikling og implementeringsstøtte:*

- **Kunnskapsstøtte** til kommuner for systematisk plan- og analysearbeid
- **Metodeutvikling/modellutvikling/tjenesteutvikling med systematisk brukermedvirkning**, (implementering og spredning, bistå ved utprøving og bistå ved nasjonal normering av tjenester)
- **Kartlegge kunnskapsbehov i og gi kunnskapsstøtte** til målgruppene
- **Tverrfaglig, tverretatlig og tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging**
- **Opplæring og undervisning** (etter-, videreutdanning) – koordinert med andre sentrale aktører (eksempelvis andre kunnskapsentre og/eller utdanningsinstitusjoner) og i tråd med målgruppen(es) behov
- **Veiledning/rådgivning** til målgruppene
- **Bistå målgruppene med implementering av nasjonale faglige retningslinjer og veiledere**

*Formidling:*

- **Publisere artikler**; kunnskapsoppsummeringer, rapporter, forskningsresultater
- **Foredrag/kurs** (eksempelvis seminarer og systematisk samarbeid som bidrar til endring av praksis)
- **Informasjonsarbeid** gjennom nettsider, brosjyrer, temahefter o.l.

*Kunnskapsoppbygging:*

- **Anvendt forskning** (praksisnær forskning og evalueringsforskning koordinert med andre sentrale aktører (eksempelvis forskningsmiljøer) og i tråd med målgruppenes behov)
- **Evaluering av praksis og metoder** (pilottesting, modeller for tjenesteutøvelse)
- **Kunnskapssammenstilling, oppsummering av praksis** (bør drøftes opp mot og være forskjellig fra kunnskapsoppsummeringer i regi av Kunnskapssenteret)»

### **Kor mange sentra er omfatta av mandatet**

Det er 34 sentra som blir omfatta av denne gjennomgangen. Av regionale sentra i Hordaland er det:

- RBKU Vest –Regionalt kunnskapssenter for barn og unge. UNI Helse.
- RVTS Vest - Regionalt ressursentre om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging. Helse Bergen.
- KORUS Bergen Kompetansesenter for rusmiddelspørsmål. Bergensklinikkene.

**Det er i Statsbudsjettet for 2014 lagt inn at Høgskolen i Bergen blir vertskap for Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet.**

I tillegg er det 36 utviklingssentra innan omsorgstenestene. I Hordaland er det eit; *Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland* ved Løvåsen sykehjem og heimtjenesta i Bergen

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Fylkesrådmannen vil peike på at det er positivt at det skjer ei standardisering og klårgjering av samfunnsoppdrag og rolle til kompetansesentra. Det er behov for å byggje bru mellom forskning og praksis, og behov for miljø som kan formidle kunnskap mellom forskning og praksis, og som kan leggje til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging.

Fylkeskommunen samarbeider med kompetansesentra på fleire område. Dette gjeld folkehelsearbeidet og det gjeld dels vidaregåande opplæring. Det er dels overlappende mandat mellom fylkeskommunen sin samfunnsoppgåver og kompetansesentra sine, t.d. innan folkehelseområdet. Begge driv med rettleiing og rådgjeving ovanfor kommunane innanfor feltet born og unge.

Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av kompetansesentra innan områda til Helsedepartementet og Barne-, inkluderings- og likestillingdepartementet. Det blir og mange samarbeidsaktørar for kommunar og andre instansar, noko som gjer samarbeid og oversyn komplisert. Strukturen av kompetansesentra står fram som dels fragmentert og dels er funksjonane overlappende. T.d. har alle dei regionale kompetansesentra som held til i Bergen, ulike ansvarsområde knytt til born og unge, og fylkeskommunen arbeider og med helsefremjande arbeid for den same gruppa. Mange kompetansesentra fører og til små og sårbare fagmiljø.

Det er difor behov for ei sanering og samanslåing av kompetansesentra. Det bør vurderast å slå saman kompetansesentra, og å knyte dei nærare til sentrale helsestyresmakter som Statens Institutt for folkehelse.

For å sikre nærleik til brukarmiljø, kan det og vere naturleg med ein regionalisering av delar av funksjonane til kompetansesentra, slik det i dag allereie er gjort. Det vil kunne føre til tettare samarbeid regionalt med kommunar og andre aktørar. Det krev at kompetansesentra har ein sterk lenkje mot sentrale aktørar. Dette bør utgreiast.

Noen kompetansesentra driv i dag med eiga forskning, andre ligg i tilknytning til forskingsinstitusjonar, mens andre igjen driv ikkje eiga forskning. Dette gjer at funksjonane til dei ulike kompetansentra varierer ein del. Fylkesrådmannen stiller spørsmål ved om det er føremålstenleg at slike kompetansesentra sjølve skal bidra til forskning og grunnutdanning. Kompetansesentra må ha sterk tilknytning til forskingsmiljø og god kjennskap til forskning på sine felt, og kan leggjast i tilknytning til utdannings- og forskingsmiljø. Samstundes kan eiga forskning og utdanning føre til ein rolleblanding og for låg vektlegging på delar av dei oppgåvene kompetansesentra skal utføre. Det vil etter fylkesrådmannen si meining vere meir naturleg at oppgåvene blir reindyrka til kunnskapsformidling, nettverksbygging og tverrsektorielt samarbeid.